



Styremøte 6-8. februar, Quality Hotel Grand - Steinkjer

Til Stades: Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Aud Fossøy og Tor Inge Eidesen.

Frå Administrasjonen: Frode Alfarnes, Trude Soma Augestad, Tor Skeie Olsen og Romar Skeie Olsen

Sak 1/18 **Godkjenning av protokoll frå førre styremøte**

Vedtak

Protokoll frå førre styremøte er godkjent

Sak 2/18 **Open post**

Sak 3/18 **Sakliste til årsmøtet**

Årsmøte vert halde på Thon Hotel Oslo Airport. Møtet startar etter lunsj 10. april og vert avslutta klokka 15:00 den 11. april.

- Innlegg under årsmøtet
 - Årets unge bonde, Cecilie Nilsen, held innlegg på dag ein under årsmøtet.
 - Geir Pollestad, eventuelt andre i Næringskomiteen vert spurd om å halde innlegg på dag to. Arbeidsutvalet ser på alternativ innleiar om ingen frå Næringskomiteen kan stille.
 - Årets lag kan få tid til å presentere sitt lag på dag to.
- Underhaldning under festmiddagen.
 - Bodil Mannsverk styrer festmiddagen.
 - Musikk vert tinga av administrasjonen.
- Spesielle gjester
 - Samarbeidande organisasjonar vert invitert.
- Årets lag
 - AU arbeider med val av årets lag. Kan legge ut på Facebook og sjå om vi får innspel til Årets lag.

Sakliste

- | | | |
|-----|----|--|
| Sak | 1 | Opningstale v/styreleiar. |
| " | 2 | Godkjenning av innkalling og sakliste v/møteleiar. |
| " | 3 | Val av skrivar og to til å skrive under møteboka v/møteleiar. |
| " | 4 | Namneopprop, - eventuelle fullmakter v/møteleiar. |
| " | 5 | Årsmelding for 2017 v/styreleiar. |
| " | 6 | Rekneskap for 2017 v/dagleg leiar. Revisjonsmelding v/Aud Fossøy. |
| " | 7 | Fastsetjing av kontingent for 2018 v/Finn Egil Adolfsen. |
| " | 8 | Arbeidsplan for 2018, v/nestleiar. |
| " | 9 | Strategisk plan 2018-2021 v/arbeidsgruppa.
Vedtektsendringar v/Tor Inge Eidessen. |
| " | 10 | Budsjett for 2018 til orientering v/Finn Egil Adolfsen. |
| " | 11 | Val etter vedtektene v/valnemnd: |

Vedtak:

Vedtektne innspel og forslag vert arbeid med fram til Årsmøtet.

- Sak 4/18 **Årsmelding og driftsåret 2017**
Gjennomgang ved Romar Skeie Olsen.
Nokre justeringar vart diskutert og vert oppdatert
- Vedtak**
Administrasjon innarbeider vedtekne endringar frå styremøte til dokumenta, som så
vert sendt ut til styret for godkjenning i ettertid.
- Sak 5/18 **Rekneskap 2017**
Frode Alfarnes gjekk gjennom rekneskapen.
- Foreløpig resultat syner eit underskott på kr. 257.759,91 før skatt og revisjon. Det
var budsjettert med eit underskott på kr. 266.824,-.
- Vi har auka inntektene i høve sal av tenester. Eigendel på kurs har auka sidan tal
deltakarar har auka. Vi sparte inn litt ved å ha to like store innstikk i Bondebladet, i
staden for eit litt større. På grunn av høg reiseaktivitet i 2017 har lønskostnader og
reisekostnader for administrasjon og tillitsvalde auka med om lag 35.000,-. Eit
ekstra styremøte i samband med strategiarbeid utgjorde og litt ekstra kostnad.
- Underskott etter skatt vert dekkja av eigenkapital.
- Vedtak**
Rekneskap for 2017 med disponeringar er godkjent.
- Sak 6/18 **Arbeidsplan 2018**
Gjennomgang ved Tor Skeie Olsen.
- Det vert laga forslag til ny arbeidsplan som skal byggje på den nye strategiplanen.
- Vedtak**
Administrasjon innarbeider vedtekne endringar frå styremøte til arbeidsplan, som så
vert sendt ut til styret for godkjenning i ettertid.
- Sak 7/18 **Budsjett 2018**
Gjennomgang ved Frode Alfarnes.
- Budsjettet er basert på forventningar og statistikk.
- Utkast til budsjett syner ein nedgang i lønnsomsetning i laga for andre år på rad.
Styret diskuterte om ein skal budsjettere med underskot for andre år på rad. Med
nokre justeringar på kontingenten vil ein kunne halvere underskotet. Styret valde å
ikkje endre kontingenten, men heller dekkje eit eventuelt underskot med
eigenkapitalen.
- Vedtak**
Framlagd budsjettet er vedteke.

Sak 8/18 **Kontingent 2018**
Innstilling til kontingent for 2018 vart lagt fram. Innstillinga er i tråd med vedtak under sak 7.

Vedtak

Framlagd kontingent er vedteke.

Sak 9/18 **Vedtektsendringar, tal på utsendingar - § 5. Årsmøtet**
Frå 01.01.2018 er Trøndelag eit fylke, og nye fylkessamanslåingar er vedtekne med verknad frå 2020. Tal på utsendingar til NLT sitt årsmøte er i dag avgrensa til maksimalt 5 frå kvart fylke, som då vil medføre dårlegare representasjon for dei «nye» fylka dersom det ikkje vert gjort endringar.

Frå laga i tidlegare Sør-Trøndelag er det kome inn forslag til vedtektsendring i § 5. Dette foreslår ei endring der dei første 300 lokallagsmedlemmer gjer 2 representantar og deretter ein ny for kvar 300 lokallagsmedlem. Dersom det er 5 representantar eller fleire kan to av representantane vera tilsette i laga.

Etter dagens medlemstal vil eit slikt forslag medføre ein auke i representantar på kort sikt, men etter kvart som fleire fylker slår seg i lag vil tal på representantar gå ned.

Det kan sjå ut som om det på sikt er naudsynt å setja ein høgare representasjon basert på dei første lokallagsmedlemmene og eit tak på totalen. Det er og vanskeleg å setja noko god fordeling i ein overgangsperiode, då dette vil slå ulikt ut i perioden før alle samanslåingar er gjennomført. Eit alternativ kan vera å setja eit fast tal på utsendingar til årsmøtet og fordele dette prosentvis etter medlemstal i fylka. Eit anna alternativ er at dei første 500 lokallagsmedlemmene tel 4 i staden for 2 som i dag og ein set eit tak på 10 utsendingar frå 2021. Då vil dei samanslåtte fylka kome nokolunde likt ut, medan dei «gamle» fylka vil tene på det. Dette medføre at ein innan den tid bør ha ei overgangsordning som berre gjeld Trøndelag.

Vedtak

Vi beheld foreløpig § 5 pkt. 1 som i dag med eit tillegg på at fylker som slår seg saman skal ha utsendingar basert på tidlegare inndeling. Saka vert teke opp på nytt i seinare årsmøte, då ein har ein betre oversikt over grunnlag medlemstal i dei nye fylka enn i dag.

Sak 10/18 **Jordbruksforhandlingar**
Frode Alfarnes gjekk gjennom innspelet.
Dei tre hovudpunkta i innspelet for 2018 er, utvikling av landbruksvikarordninga, tilskot må følgje kostnadsutviklinga og tilknytingskrav til føretaket ved tilskott til sjukdom mv.

Desse to punkta ynskjer styret å få flette inn i innspelet:

- Kunne tilby gratis hjelp til bonden i krisesituasjonar.
- Landbrukstenestene yter ein trygg og enkel forvaltning av velferdsordningane.

Vedtak

Styreleiar, tilsettere representant i styret og dagleg leiar møter avtalepartane for å legge fram NLT sitt syn på velferdsordningane. Korrigeringsmomentet diskutert i møtet.

Sak 11/18 **Strategisk plan for 2018-2021**
Arbeidsgruppa gjekk gjennom utkast til planen.
Kvar einskild i arbeidsgruppa gjekk gjennom sine områder i utkastet til strategiplan.

Vedtak

Utkast til strategiplan er gjennomgått i styret. Utkastet vert sendt ut på høyring så snart som råd, og vert ferdigstilt på møtet til strategigruppa 19. mars. Strategiplanen vert vedteken av styret, og vert så lagt fram for godkjenning på årsmøtet.

Sak 12/18 **Orienteringssaker**

A. Instruks for valnemnd i medlemslag

Harald Lie orienterte.

Vi har ein instruks som kunne vore betre. Harald Lie ser litt på instruksen og kjem med eit utkast.

Valnemndutvikling er med i ny strategiplan.

B. Webtemp

Trude Soma Augestad og Frode Alfarnes har brukt januar månad til å besøke tre nye laga for å hjelpe dei gjennom første lønnskøyring i Webtemp. Dei nye laga er Landbrukstjenester Østfold, Landbrukstjenester Akershus og Landbrukstjenester Telemark.

Omlag eit halvår tek det før brukarane av Webtemp er der at «ting går av seg sjølv».

Det er viktig å ta vare på dei som brukar Webtemp, halde kontakt med dei som brukar programmet. Tanken er å ta kontakt med dei mest aktuelle laga etter kvart og tilby dei å starte med Webtemp.

C. Vakttelefon

Tor Skeie Olsen orienterte.

Prislappen på 5-sifra nummer er ifrå kroner 2700,- og oppover. I tillegg kjem ei årleg avgift til staten på kroner 2000,-. Utfordringa vert å få ei kvalitetssikra og god teneste, samt å få alle laga med på ordninga.

D. Smittevern

Tor Skeie Olsen orienterte.

Det er lite nytt om saka i forhold til kva som vart sendt ut i nyheitsbrev i desember. Rutinekontroll vert som vanleg konsultasjon hos lege og er ein kostnad som bonde eller laget må ta.

Ein finn mykje informasjon om temaet på Norsvin mfl. sine nettstadar.

E. Landbruksvikarkurs

Romar Skeie Olsen orienterte.

Landbruksvikarkurs for alle som ikkje har fått delteke på kurs i 2017 vert planlagt i veke 12. Tove Berre i SNS har regien på kurset. Kurset vert halde i Trøndelag.

Vedtak

Orientering er teke til etterretning

Sak 13/18

Referatsaker

A. Mat og Landbruk – Norsk Landbrukssamvirke

Frode Alfarnes refererte.

Tema om innovasjon, helse og verdiskaping i norsk landbruk. På førehand var det tinga ein undersøking om ringverknader i næringslivet i forhold til landbruket. Nettverksbygginga er viktig i slike samanhengar som dette, men det vert amputert sidan seminaret går over kun ein dag.

B. Møte i Nasjonalt utvalg for grønn fagskoleutdanning

Harald Lie refererte.

Det bør arbeidast med at grønn fagskoleutdanning får betre status innanfor høgare utdanning. Dette er relevant utdanning som næringa treng. Det vart snakka om nettbasert fagskoleutdanning, men ved slik utdanning får elevane minimalt med praksis. Praksis i utdanningsløpet er viktig og det poengterte Harald Lie i møtet. Det vart valt nytt styre i utvalet.

C. Møte i referansegruppe - Landbruksdirektoratet

Frode Alfarnes refererte.

Referansegruppa er representert med, faglaga, NLT, fylkesmannen og Landbruks og matdepartementet.

Det vert diskutert tilknytingskrav ved avløyning ved sjukdom. Det er laga ein god rapport om saka der faglaga, NLT og fylkesmannen er einige i konklusjonen.

D. Møte i faglag - fylka

Frode Alfarnes refererte.

Hordaland Bondelag inviterte NLT til møtet dei hadde i samband med jordbruksoppgjeret. Problemstillingar vart diskutert og vi fekk lagt fram vårt syn og forslag til jordbruksforhandlingane. Fokus på at det er viktig å nytte ferie og fritidsordninga for å oppretthalde beredskap. Det vart uttrykt bekymring over kor få som nyttar Landbrukstenestene.

Vedtak

Referatsaker teke til etterretning

Sak 14/18

Eigenevaluering av styret

Styret evaluerte sitte eige arbeid i styret, møter med meir.

Sak 15/18

Representasjon på møter

- 12. februar: Nasjonal Fagkompetanse - Tor Inge Eidesen.
- 13. februar: Fagdag - Oppfølging av møta om dyrevelferd - Tor Inge Eidesen.
- 14.-15. mars: Administrativt møte med medlemslag i Trøndelag - Finn Egil Adolfsen.

Referent:

Romar Skeie Olsen